

Vedtekter for Ryfylkealliansen

Justert 07.05.2024

- 1 Ryfylkealliansen er ei foreining som gjennom langsiktig merkevarebygging skal fremje identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke.
- 2 Kommunar, bedrifter, institusjonar, organisasjonar og andre som sluttar seg til formålet og vedtektene kan bli medlem i Ryfylkealliansen. Søknad om medlemskap blir behandla av styret. Styret forvaltar eigne retningslinjer for medlemskap og eksklusjonar.
- 3 Ryfylkealliansen forvaltar Ryfylkelogoen og bruker nettstaden www.ryfylke.no på vilkår som går fram av avtale mellom merkeegaren Ryfylke IKS og Ryfylkealliansen.
- 4 Kvar medlem betalar ein årleg medlemskontingent. Medlemskap i Ryfylkealliansen gir rett til bruk av Ryfylkelogoen i samsvar med fastsett profilmanual.

Ved manglande innbetaling av avgifter eller bruk av logoen i strid med formålet kan styret seia opp medlemskapen.

- 5 Årsmøtet er høgste organet til Ryfylkealliansen. Årsmøtet blir halde innan utgangen av mai kvart år. Innkalling til årsmøtet skal skje tre veker før møtet. På årsmøtet har kvar medlem ei røyst.

Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap for føregåande kalenderår, vedtar medlemskontingent for inneverande år, samt vel styre og valnemnd for komande periode.

Valnemnda skal ha 3 medlemmer. Første gong blir to av desse valde for 2 år, ein for eitt år. Deretter blir medlemmer valde for to år om gongen. Årsmøtet vel leiar for valnemnda.

- 6 Styret har ansvar for iverksetting av handlingsprogrammet, leggja fram budsjett og årsrekneskap, og rapportering til årsmøtet.

Styret er samansett av 6 medlemmar og 2 varamedlemmer som blir valde slik: Ryfylkerådet oppnemner eit politisk vald styremedlem, med personleg varamedlem frå Ryfylkerådet.

Dei resterande fem og varamedlemene blir valde av årsmøtet.

Leiar blir vald kvart år for eit år om gongen.

Styremedlemmane blir valde for to år om gongen, og slik at halvparten står på val kvart år. Første gongen blir to valde for eit år og to for to år.

Varamedlemmane blir valde for eitt år om gongen. 1. vara møter fast.

Ved likt stemmetal, har styreleiar dobbeltstemme.

- 7 Dersom Ryfylkealliansen blir oppløyst vil midlane tilfalla ideelle organisasjonar i Ryfylke. Ved evt oppløysing vil eit simpelt fleirtal i styret avgjera kva for organisasjonar pengane går til.
- 8 Endring av vedtektene kan gjerast på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Kvar medlem/medlemsbedrift har ei stemme.